



Helland Eiendom & Invest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1639 - 21/11989

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
24.02.2021

Løyve til seksjonering - gbnr 477/91 Solheim vestre

Administrativt vedtak: Saknr: 250/21

VEDTAK:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16. juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 4 eigarseksjonar for sameiet Austesundvegen 44A, 44B, 44C og 44D, gnr 477, bnr. 91, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Det vart gitt løyve til igansetting av bygging av mindre bustadbygg over 3 etasjar 03.06.20. Seksjonane 1 og 2 ligg i etasje H02 (1.plan) og har også med etasje H03 (loftspan). Seksjonane 3 og 4 ligg i etasje H01 (kjellarplan).

Alle seksjonar er bustadseksjonar der seksjonane har sameigebrøken $\frac{1}{4}$ kvar.

Bustadseksjonane har tilleggsareal B i form av utebodar, der seksjonane 1 og 2 har utebodar i eige bodbygg utanfor H02, medan seksjonane 3 og 4 har utebodar som tilbygg til sin etasje H01.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Det er avsatt areal til 5 parkeringsplassar på eigedommen i samsvar med løyvet og som saman med 3 parkeringsplassar på felles parkeringsplass PP1 stettar kravet til parkering i planen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 477/91 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Saka gjeld:

Kommunen har mottatte søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 477/91 i Alver, med adressene Austesundvegen 44A, 44B, 44C og 44D. Søknaden er registrert motatt 16.02.21.

På eigedommen er gitt byggeløyve til mindre bustadbygg over 3 etasjar med 4 bueiningar, med igangsetjingsløyve 03.06.20.

Faktiske opplysningar:

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande relevante vedlegg for tinglysing:

- Situasjonplan som viser byggplasseringa , utomhussituasjonen, eigedomsgrenser samt plassering av uteboder (tilleggssareal B).
- Planteikning av etasjane, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive.
- Vedtekter for sameiet Austesundvegen 44A, 44B, 44C og 44D, Gnr.477, bnr. 91, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter. (vert ikkje sendt til tinglysing)
- Samtykke til tinglysing frå eiendomsmeidler Vest.

Vurderingar:

Det var manglar ved søknaden då den kom inne, og mangelbrev vart sendt ut 19.02.21 (e-post). Opplyst om uråderett og trong for samtykke.

Det er også feil i postadressa til kommunen, og manglande utfylling av teljar og nevnar i pkt 4 i skjemaet. Kommunen fyller inn tala 4 for teljar og nevnar etter avtale.

Søknaden er signert av daglig leder Gaute Helland, som har signaturrett. Innsendar er også Gaute Helland.

Eiendomsmeidler Vest har tinglyst uråderett på denne eigedommen, og søkjar har ettersendt samtykke til seksjonering dat. 10.02.21.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 a) er gebyret for 4 seksjonar til saman kr 12585,-

(kr 12000,- for 1-4 seksjonar og tinglysningsgebyr kr 585,-)

Oppsummering – konklusjon:

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16. juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1639

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering - gbnr 47791 Solheim vestre- signert
Situasjonsplan
Plantegninger
Tillatelse til deling/seksjonering samt tinglysing - gbnr 477/91 Solheim vestre

Mottakarar:

Helland Eiendom & Invest AS

Idrettsvegen 3

5936

MANGER